

Distriktpolitikk, berekraft og statsallmenningane

Bør den lokale råderetten over korleis ressursane skal forvaltast styrkjast?



Torpa Statsallmenning, frå Nordre Synnæstra med Synnfjorden i bakgrunnen. Kjenshaugmyra / Wikimedia Commons

Katrine Broch Hauge
Førsteamanuensis NMBU

Erling Berge
Professor emeritus, NMBU

Store og mykke brukte fjellområde i Norge er i dag statsallmenning. Forvaltinga av ressursane i statsallmenningen er todelt. Fjelova styrer bruken av allmenningsressursane utanom tømmer. Tømmerressursen er styrt av statsallmenningslova. I tillegg har Statkog SF som grunneigar ei viktig rolle i forvaltinga.



Ny fjelov, hva nå?

Landbruks- og matdepartementet er no i ferd med å utforme eit framlegg til ny fjelov. Fjelova er frå 1975. Lova som styrer tømmerbruken er frå 1992. Allmenningssretten til tømmer, seter, beite, og andre rettar og lunnende i statsallmenningane er ikkje skapt av lovsgiving, men er eldgammal sedvane. I **Magnus Lagabote si landslov** frå 1274 er det slege fast: "Saa skal almenninger være, som de har været fra gammel tid, baade det øvre (o: til fjelds) og det ytre (o: til havs).

Sidan 1600-talet har statleg lovsgiving sett grenser for kva som er allmenningssrett, og korleis den kan nyttast. Først og fremst er avgrensinga sett ved den mengda og dei typane resursar som kan brukast i tradisjonell gardsdrift.


Jordbruket har endra seg mykje sidan 1975, og enno meir sidan 1920 da vi fekk den første fjelova. Talet på aktive gardsbruk har minka frå ca. 200.000 i 1950 ca. 38.000 i 2018. Kor mange av desse som har allmenningssrett veit vi ikkje. Poenget er likevel at talet framleis er på veg ned. Sidan bruken av allmenningsressursar er avgrensa til det ein kan gjøre seg nytte av i gardsdrifta, seier det seg sjølv at bruken av dei jordbrukstilknytte ressursane har gått ned.

Når vi no skal drofte utforminga av ei ny lov kan det vere grunn til å reise nokre meir prinsipielle spørsmål rundt utforming av lova.

Nedgangen i tal jordbrukarar gjer det viktig å oppretthalde eit overordna prinsipp om at bruksrettane kan utviklast i samsvar med tida og tilhøva.

Kan reglane for forvalting av ressursane gjerast betre ut frå det forsking på ressursforvalting har funne?

Allmenningane er ulike sett som økosystem, og dei er ulike i form av brukarane sine behov. Og dei endrar seg i ulik grad. Endringane er drivne fram både av klimaendringar og av endringar i befolkninga etter kvart som sentraliseringa materialiserer seg.

 - Det blir lagt opp til økt lokalt selvstyre i den nye fjeloven

Der økosystema er ulike og endrar seg i ulike grad seier internasjonal litteratur at ein bør drive adaptiv forvalting. Der også folk er involvert, og der folkesetnaden endrar seg, er rådet å drive adaptiv sam-forvalting (adaptiv co-management).

Det etablerte systemet med fjellstyre er eit rimeleg brukbart eksempel på slik samforvalting, men slik den er praktisert i dag er den i minkande grad adaptiv. Endringstakten både i folkesetnaden og i økosystem har dei siste tiåra vore større enn før. Det burde gi grunnlag til å freista betre den adaptive samforvaltinga t.d. gjennom å gi fjellstyra større fullmakter i utforming av bruksreglar saman med fullmakter til å overvake at reglane vert haldne.

Det finst i dag ein omfattande litteratur rundt prinsippa for utforming av berekraftig forvalting av vanlege allmenningsressursar. Departementet burde ut frå dette vise ein viss toleranse for å ha ulike reglar i ulike økosystem. På denne bakgrunnen støttar vi fleirtalet sitt framlegg som gir rom for lokale tilpassingar t.d. gjennom bruksreglar vedtekne av fjellstyret.

Ein nøkkel til vellykka forvalting har vist seg å vere systemet for overvaking og sanksjonering. Vi støttar derfor fleirtalsforslaget når det gjeld oppsyn. For felleslagerressursar, slik som allmenningssrettane i statsallmenningane, synes forsking at kontroll fungerer best når den skjer i samband med bruk av ressursen.

Setrane er viktige, men bruken av dei er i aukande grad ein fritidsaktivitet.

I statsallmenningane har ein i lang tid hatt ein variant av ein slik kontroll gjennom at fjelloppsynet, tilsett av fjellstyret, står for tilsyn og kontroll. Ordninga er med på å styrke oppfatninga av allmenningane som ein ressurs som brukarane har medansvar for å forvalte, og sikrar at den bruken som skjer er berekraftig og innanfor gjeldande lover og reglar.

Det manglar likevel eit system for rask sanksjonering tilpassa tilhøva på staden. Etter vårt syn er mindretallet sitt forslag om å overføre all offentlegrettsleg oppsynsverksem til Statens Naturoppsyn i strid med prinsippa for korleis kontroll av bruken av allmenningsressursar skal gi det beste resultatet.

Treng vi to ulike lover for å styre jordbruket sine allmenningssrettar?

For jordbruket i allmenningssbygdene er det i dag beiteretten som har størst verdi. Setrane er viktige, men bruken av dei er i aukande grad ein fritidsaktivitet. I dei allmenningane der det er skog har retten til tømmer verdi. Men tømmerretten kan berre nyttast til det gardsdrifta treng. Korleis dette verkar når store delar av jorda som ein aktiv brukar driv er leidt inn, synest uklart.

Ei samanslåing av fjellstyre og allmenningssstyre løyer ikkje dei utfordringane ein har med nedgang i tal av tradisjonelle brukarar. Ei samanslåing av styra kan likevel vere fornuftig ut frå omsynet til ei meir heilsakleg ressursforvalting i den einskilde allmenninga. Dette vil best kunne skje dersom fjelova og statsallmenningslova blir slått saman.

Skal lista over jordbrukstilknytte bruksmåtar i allmenningen gjerast lengre?

Nedgangen i tal jordbrukarar gjer det viktig å oppretthalde eit overordna prinsipp om at bruksrettane kan utviklast i samsvar med tida og tilhøva.

Dei siste hundre åra har det vore ein dragkamp om jordbruket skal kunne gjere seg nytte av fallrettar i allmenningen. I samband med kraftutbygging på 1960-talet tapte jordbruket denne retten til staten. Med framveksten av teknologi for småkraftverk og mikrokraftverk har debatten bluss opp igjen. Fleirtalet sitt framlegg om rett til å bygge ut mindre kraftverk synest vere ei fornuftig utviding av jordbruket sine bruksrettar i allmenningen.

Den distriktpolitiske dimensjonen i utforminga av ei ny fjelov ligg etter vår mening nett i framlegga om å styrke den lokale råderetten over korleis ressursane skal forvaltast. Gjennom eit heilsakleg perspektiv på bruken av ressursane der ein tar omsyn til både lokal økologi og lokal eigedomsstruktur.

*Hauge var også medlem av det regjeringsoppnevnte utvalet som la fram NOU 2011:11 Ny fjelov.

Emneord til denne artikkelen

Motkultur: Forskning Og Utdanning

KONTAKT OSS

Sjefredaktør
Irene Halvorsen

Nyhetsredaktør
Svein Ove Hansli

Politisk redaktør
Kato Nykvist

VÅRE PRODUKTER

E-avis
Utgave for lesebrett
Digitalt arkiv

KUNDESIDER

Kundeservice
Min side
Personvernverklæring
Informasjonskapsler

ÅPNINGSTIDER

Sentralbord
Man-fre 08:00-16:00
Telefon: 21 31 00 00

Kundeservice
Man-fre 08:00-16:00
Telefon: 23 33 91 52

ANNONSER

Annonseavdelingen
Man-fre 08:00-16:00
Telefon: 21 31 44 44

E-post:
annonsen@nationen.no

AS Nationen

Schweigaardsgate 34 E

0191 Oslo Norge

Organisasjonsnummer:

914 531 543

NATIONEN

940 08 650

TIPS OSS

INSTAGRAM

FACEBOOK

TWITTER

Nasjonen arbeider etter Vær Varsom-plakatens regler for god preseskikk.